

Til Israels ambassade,
Parkveien 35,
0258 Oslo

Norske kommunar med palestinske vennskapsbyar ber instendig Israel om straks å stoppe krigen i Gaza

Vi er ordførarar i norske kommunar med lange og sterke vennskapsband til palestinske kommunar, og det er med djup bekymring vi følgjer med på det som kjem fram om Israels krigføring i Gaza. På vegner av folket i kommunane våre ber vi på det sterkeste Israel om å stoppe krigen og la humanitære organisasjonar få kome inn i Gaza, i tråd med Genevekonvensjonen og humanitære lover og reglar.

Vi respekterer den israelske regjeringa sin rett og plikt til å forsvere borgarane sine. Men konsekvensane av aksjonane mot Gaza den siste tida kan ikkje på nokon måte forsvara. Slik valdsbruk vil aldri føre til fred og tryggleik, verken for det israelske eller for det palestinske folket i regionen.

Vi er svært bekymra for den humanitære situasjonen i Gaza. I tillegg til å drepe uskuldige sivile, øydelegg den israelske hæren skular, moskear og andre sosiale institusjonar. Dette er institusjonar som etter vårt syn skulle ha spela ei viktig rolle for å skape fred i området, dersom dei hadde vorte bevarte.

Palestinarenane er eitt folk, sjølv om dei bur spreidd i område og byar som på grunn av sjekkpunkta og muren ikkje kan ha normal kommunikasjon. Situasjonen til folket i Gaza vedkjem derfor alle palestinarenane, både i Palestina og utanlands. Den vedkjem også vennskapskommunane deira i Noreg.

Vi oppfordrar derfor Israel på det sterkeste om straks å stoppe krigshandlingane, forlate Gaza og opne grensene for humanitær hjelpe, medisin og mat, slik at det kan bli mogleg å byggje ei ny framtid i landet.

9. januar 2009

Arne Sanden (sign.)
ordførar i Lærdal
vennskapskommune m Jeriko

Arild Hausberg (sign.)
ordførar i Tromsø
vennskapsby med Gaza

Jan Olav Engsmyr (sign.)
ordførar i Sarpsborg
vennskapsby med Betlehem

Rita Ottervik (sign.)
ordførar i Trondheim
vennskapsby med Ramallah

Einar Busterud (sign.)
ordførar i Hamar
vennskapsby m. Kahn Younis

Leif Johan Sevland
ordførar i Stavanger
vennskapsby med Nablus

Kopi til: Statsminister Jens Stoltenberg
Utanriksminister Jonas Gahr Støre
Vennskapsbyar i Palestina
Vennskapsbyar i Europa
Media